



EKSAMENSOPPGAVE

JUS2111 – Statsforfatningsrett, folkerett og menneskerettigheter

Vår 2023

Dato: 15.05.2023

Tid: 09:00 (6 timer)

Kvar haust samlar politikarar, journalistar, næringslivstoppar og andre samfunnsengasjerte personar seg til ei uke med samfunnsdebattar i Lillevik. Peder Ås er primus motor for arrangementet. Han er svært stolt av at han kvart år får samla dei viktigaste personane i landet i den gamle heimbygda si, og i år planlegg han å hente inn sentrale statsleiarar frå utlandet til debatt om den tryggingpolitiske situasjonen i Europa. Utanom den norske statsministeren og fleire stortingspolitikarar, har han i år alt fått booka inn to andre europeiske statsleiarar.

For å planleggje arrangementet og tryggleiken rundt det, tek Peder Ås nokre månadar på førehand initiativ til ei tryggingsoving. Han får mellom anna tre studentar frå Teaterhøgskulen til å spela rollene som dei tre statsleiarane. Elles stiller lokalfolket opp for å leike journalistar, politikarar og publikum. Lokalt politi og Politiets tryggingorganisasjon stiller opp for å øve på tryggleiksrutinar rundt arrangementet.

Under den fiktive debatten på scena mellom dei tre studentane, blir det brått fyrst av skot. Publikum trur fyrst det er ein del av øvinga, men då ein av studentane på scena fell om, oppstår det panikk. I kaoset får Peder Ås auge på ein mann med eit par pussige krykkjer, som fyrer av skot frå den eine krykkja. Peder kastar seg over krykkjemannen, får lagt han i bakken og teke frå han våpna. Han held mannen fast til politiet etter kvart kjem til og køyrer mannen til arresten i nabobyen Storvik. Den skadde teaterstudenten blir frakta til sjukehuset i Storvik og overlever hendinga uten alvorlege følger.

Krykkjemannen blir framstilt for Storvik tingrett og varetektsfengsla med brev- og besøksforbod. Den kjende advokat Flamme frå hovudstaden blir oppnemnt som forsvarar. Flamme er oppteken med andre saker og kjem fyrst til arresten i Storvik etter to dagar. Under det fyrste møtet med krykkjemannen legg han merke til at klienten er svært forkomen. Klienten kan fortelja at nokon slapp inn ei dame på cella hans dagen etter at han vart sett i arresten. Ho hadde lenka han til eit fastmontert røyr i veggen, slik at han vart tvinga til å stå oppreist i omtrent same posisjon i ca. fire timar, medan ho hadde spurt etter informasjon om kvar han hadde fått krykkjevåpna frå, og om han var ein del av eit større terrornettverk. Ho hadde med seg eit mindre apparat som kunne brukast til el-sjokk. Krykkjemannen kunne vise fram sår rundt handledda og fortalde advokat Flamme at han særleg hadde frykta for livet sitt av di han var redd ho ville bruke el-sjokkapparatet.

Advokat Flamme vart svært forferda og kontakta politimeister Hans Tastad i Lillevik, sidan Flamme ikke stola på politiet i Storvik, der krykkjemannen sat fengsla. Politimeister Tastad byrja undersøkingar med det same. Etter kort tid hadde han og kollegaane hans pågripe på hotellet i Storvik ein kvinneleg utanlandsk statsborgar som gjekk under dekknamnet «Marita», og som kunne stemme med skildringa krykkjemannen hadde gjeve. Både Marita og politiet i Storvik nekta derimot



for historia til krykkjemannen, og politimeister Tastad fekk nokre timar seinare ein telefon frå justisministeren med melding om ikkje å framstille Marita for fengsling i Noreg, men køyre ho til ambassaden til YSA i Oslo. Tastad nekta å følgje meldinga frå justisministeren og fekk i staden ein ung politijurist i Storvik til, i all løyndom, å hente ut eit videoopptak frå cella til krykkjemannen. Videoopptaket frå cella stadfesta historia til krykkjemannen.

Marita vart så framstilt for varetektsfengsling i tingretten. Forsvararen hennar kravde at ho skulle setjast fri med det same, med tilvising til Wien-konvensjonen om diplomatisk samkvem artikkel 29. Ut frå dokument som det lokale politiet hadde funne på hotellrommet til Marita, var det på det reine at ho var tilsett som diplomat ved ambassaden til YSA, og at ho truleg var tilsett i landet sin etterretningsorganisasjon, DIA. Den lokale politijuristen hevda derimot på vegner av påtalemakta at Marita hadde brote artikkel 41 i den omtala Wien-konvensjonen, og difor ikkje kunne setjast fri, jf. òg FN sin torturkonvensjon artikkel 5 nr. 1 og artikkel 6 nr. 1. Det måtte særleg takast med i vurderinga at krykkjemannen var norsk statsborgar. Til dette svarta forsvararen til Marita at artikkel 41 ikkje hadde slike rettsverknadar som politijuristen hevda.

Vidare viste forsvararen til at behandlinga som krykkjemannen hadde fått, i alle tilfelle ikkje var av ein slik karakter at torturforbodet i Grunnlova § 93 og EMK artikkel 3 var krenkt. Det måtte særleg takast omsyn til kor alvorlege handlingane til krykkjemannen var og den reelle faren for at han var medlem av ein farleg terrororganisasjon som hadde planlagt liknande hendingar i nær framtid. I lys av dette var det forholdsmessig å utsetja krykkjemannen for den behandlinga han hadde fått, hevda forsvararen til Marita. Den lokale politijuristen hevda på si side at det var irrelevant om behandlinga av krykkjemannen var forholdsmessig eller ikkje.

Samstundes tok advokat Flamme på vegner av krykkjemannen ut erstatningssøksmål mot den norske staten ved Justisdepartementet. Staten sa seg samd i at ein prinsipielt kunne få erstatning dersom staten krenkjer torturforbodet, men hevda at staten i dette tilfellet ikkje kunne vera ansvarleg for det DIA-agentar gjorde i Noreg. Advokat Flamme viste på si side til FN sin torturkonvensjon artikkel 11 og Grunnloven § 93 fjerde ledd og peika på at det ikkje hadde noko å seia for staten sitt ansvar kven som faktisk hadde utført handlingane.

På Stortinget reagerte stortingsrepresentant Ole Vold på innblandinga frå justisministeren. Vold hevda at justisministeren ikkje kunne instruere politimeisteren i fengslings- og påtalesaker, jf. straffeprosesslova § 55, slik ho hadde prøvd å gjera, og at ein slik instruks i så fall måtte koma fra Kongen i statsråd. Justisministeren hevda på si side at ho hadde instruksjonsmynde overfor politiet etter Grunnlova §§ 3 og 12, og at det ville vera absurd om ho måtte kalle saman eit ekstraordinært statsrådsmøte på Slottet for å be politimeisteren køyre Marita til Oslo. Justisministeren nekta òg for at straffeprosesslova § 55 hadde noko å seia for spørsmålet og hevda at Grunnlova i alle tilfelle gikk framfor straffeprosesslova.

Ole Vold var òg sint på pressa, som stadig omtala den fengsla attentatmannen som «krykkjemannen». Vold brukte sjølv krykkjer på grunn av ein kronisk sjukdom, og han meinte pressa si omtale av mannen var stigmatiserande og diskriminerande overfor personar med krykkjer, og at omtala difor var i strid med Grunnlova § 98. Den norske medieforeininga stilte seg uforståande til påstandane og meinte det ikkje låg føre noko rettsleg grunnlag for Vold til å seia at



UNIVERSITETET I OSLO

saka var omfatta av Grunnlova § 98. Vidare forsvara foreininga pressa sin bruk av uttrykket «krykkemannen», og dei viste til at før ein hadde avklara om mannen var terrorist eller psykisk sjuk, kunne pressa ikke gå ut med bilete og namn av omsyn til mannen sin rett til privatliv. Vold sa seg samd i dette, men meinte likevel at pressa måtte bruke eit anna tilnamn enn «krykkjemannen», og at dette ikkje var den einaste måten å anonymisere gjerningspersonen på. Medieforeininga svara til dette at Vold i realiteten prøvde å sensurere pressa, og at det etter Grunnloven § 100 fjerde ledd ikkje låg føre noko slikt høve.

Drøft og løys dei rettslege spørsmåla denne fiktive oppgåva reiser.

Oslo, våren 2023
Benedikte Moltumyr Høgberg

Faglig eksamensleder